



ARD AREALPLAN AS
Damsgårdsveien 135
5160 LAKSEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Varsel om utviding av planområde - Alver - (Lindås) - 137/693 m fl - Stølsmarka - Utviding av skule - Detaljregulering - FMHO 2016/12616

Vi viser til varsel om utvida planområde for reguleringsplan for Stølsmarka, datert 30.06.2023.

Føremålet med utvidinga er trong for å sjå på kryssutforminga for å leggje til rette for framtidig gang- og sykkelareal.

Reguleringsplanen har tidlegare vore til offentleg ettersyn, og det vart fremja motsegn frå Statens vegvesen og tidlegare Fylkesmannen i Vestland, no Statsforvaltaren i Vestland.

Statsforvaltaren legg til grunn at nytt planforslag følger opp motsegnene som er fremja. Vi viser til samordna uttale med motsegn datert 04.05.2020 og vårt svar på framlegg til løysing av motsegn datert 18.06.2021.

Vi gjer merksam om at det i utvida planområde er registrert parkslirekne. Dette er ein framand art som er vurdert til å ha særst høg risiko. Arten har stor invasjonspotensiale og høg økologisk effekt. Det må vurderast om det er risiko for at tiltak som planen opnar for kan føre til spreiding av arten, og det må eventuelt vurderast avbøtande tiltak.

Statsforvaltaren har elles ingen merknader til utviding av planområdet.

Med helsing

Arve Meidell
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Statens vegvesen Region vest
Alver kommune

Postboks 7900
Postboks 43
Postboks 4

5020
6861
5906

BERGEN
LEIKANGER
FREKHAUG